



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 26.09.2014

Vår ref.: 2014/7523

Arkivnr.: 522.4

Mattilsynet, Felles postmottak
Postboks 383
2381 Brumunddal

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Uttale til høring av endring i forskrift om planter og tiltak mot planteskadegjørere

Vi viser til høringsbrev dagsett 27.6.2014.

Det blir fremma forslag til endring i forskrift om planter og tiltak mot planteskadegjerarar. Forslaget går ut på å tillate import av jordbærplanter frå europeiske land til Noreg. Dette gjeld både til direkte bærproduksjon og til vidare produksjon av jordbærplanter, både sertifisert og ikkje-sertifisert planteproduksjon.

Fylkesmannen i Rogaland er kritisk til at det skal bli tillate å importere jordbærplanter. Vi vil her kome med nokre synspunkt til dei ulike konsekvensane av forslaget.

Plantehelsemessige konsekvensar og konsekvensar for bærproduksjonen:

Det blei innført forbod mot å importere jordbærplanter i 1986 for å hindre introduksjon av rød marg i jordbær. Ein streng forvaltningspraksis har vore praktisert for å kjempe mot skadegjeraren, men i 2013 blei det gjennomført ei forskriftsendring i høve til rød marg. Som det kjem fram i høringsutkastet, vil import av småplanter auke risikoen for introduksjon av andre skadegjerarar som til nå ikkje har vore påviste i Noreg. Sjølv med ein fortsatt streng forvaltningspraksis og krav om sertifisering av produksjonsareala, er det grunn til å uroe seg for denne auka risikoen og konsekvensar dette kan få for næringa. I Rogaland har ein eit betydeleg og intensivt drive jordbærareal innan eit avgrensa geografisk område. Ein introduksjon av nye skadegjerarar her vil kunne få store konsekvensar.

Naturmangfaldlova er sektorovergripande og skal vere støttande for anna regelverk. Formålet (§1) og forvaltningsmål for naturtypar og økosystem (§4) bør etter Fylkesmannen si meining vege tungt i svaret på spørsmålet om å tillate import av jordbærplanter. Spesielt vil vi peike på at import av planter også kan føre til import av skadelege artar. Lova si kapittel IV om framande organismar er ikkje gjort gjeldande for andre artar enn utanlandske treslag, men §6 om aktsemd gjeld likevel i saker som vert omhandla av denne høringa.

Vår vurdering er at lova er lite vektlagt i høringsnotatet.

Konsekvensar for planteproduksjon/planteprodusentar:

Norsk småplanteproduksjon av jordbær heng etter i høve til mellom anna Danmark og Nederland kor ein er kome lenger med å lage definerte planter med eit gitt avlingspotensiale. Frigjering av import av jordbærplanter vil gjere det vanskelig for norske produsentar å utvikle ein berekraftig produksjon av tilsvarande plantekvalitetar.

Det er allereie sett i gang eit utviklingsprosjekt i Noreg med føremål om å utvikle metodikk og planter som skal gi næringa utvida sesong og auka konkurransekraft. Prosjektmålet er det same som ligg til grunn for å tillate import av planter. Utviklingsprosjektet er organisert som bedriftsnettverk finansiert av Innovasjon Norge Rogaland og går no på tredje året. Optimismen i satsinga er stor. Det er midlertidig så stor skilnad på kostnadsnivå i den norske produksjonen samanlikna med dansk/nederlandsk, at moglegheita og motivasjonen til å gå vidare med dette og andre prosjekt vil verte sterkt svekka dersom det opnast for fri import. Det betyr at sjølv produksjon av "norske" sortar som er vanskelege å få produsert ute, vil verte vanskeleg fordi det blir etablert eit for lågt prisnivå. Dette vil vidare kunne gå utover den gode "norske" smaken og kvaliteten norsk jordbærproduksjon er kjent for, då desse sortane vert for dyre å produsere. Ein kan på sikt få ein vriding frå "norske" sortar avla på smak til meir avlingssterke sortar der smaken er meir underordna.

Som følgje av import av planter kan norsk jordbærproduksjon på sikt miste sitt konkurransefortrinn i høve til importerte bær. Norsk jordbærproduksjon vil generelt vere tent med ein styrka norsk produksjon av småplanter med sortar og kvalitetar retta mot det norske produksjonsapparatet og den innanlandske marknaden. Denne oppjusteringa av den norske planteproduksjonen vil ikkje kunne skje dersom ein no opnast for fri import.

Bedriftsnettverksprosjekt blir fullført. Erfaringar frå dette prosjektet bør leggjast til grunn før eventuell opning for import.

Forvaltningsmessige konsekvensar:

Ein må pga auka risiko for skadegjerarar, auka bruk av ressursar på kontroll. Samstundes vil ein og ved eventuelle funn få auka belastning i forhold til erstatningssaker både hjå Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

Geir Skadberg
ass.landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Geir Skadberg
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 64
E-post: fmrogs@fylkesmannen.no